

## REFERAT

Vedlegg nr. 1

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 02/2024 | Klokkeslett: 09.00 - 10.00 | Dato: 22.03.2024

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Anders Kjetland

Dato: 22.03.2024

	Navn	Part
Møtedeltakarar	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Sara Sekkingstad	Ordførar, Alver kommune
	Anita Garlid Johannesen	Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Christine Kahrs	Byråd, Bergen kommune
	Yngve Fosse	Ordførar, Askøy kommune
	Solveig Paule	Direktør, Jernbanedirektoratet
	Kjell Kvingedal	Direktør, Statsforvaltaren
	Aina Haugstad	Sekretariatsleiar, Miljøløftet
Andre	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Morten Sageidet	Jernbanedirektoratet
	Torgeir Sæther	Bjørnafjorden kommune
	Christian Fotland	Alver kommune
	Johnny Breivik	Øygarden kommune
	Eystein Venneslan	Askøy kommune
	May Britt Hernes	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Erlend Otterå	Sekretariatet
	Juan Santacruz	Sekretariatet
Anders Kjetland	Sekretariatet	

## Saksliste byvekstvtalen

- Sak 20/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 21/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 21.02.2024
- Sak 22/24 Handlingsprogram 2025– 2028 – Post 30
- Sak 23/24 Eventuelt

## Saksliste byvekstavtalen

### Sak 20/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

*Vedtak: Innkalling og saksliste er godkjend.*

### Sak 21/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 21.02.2024

Bergen kommune hadde ein merknad til referatet når det gjaldt sak 18/24 Prosess for justering av takstane i Bypakke Bergen. Det bør framkomme at forslaget til justering av bompengetakstar kom frå arbeidsgruppa, og ikkje frå Bergen kommune. Referatet blei vedtatt endra på dette punktet.

*Vedtak: Referat med vedtekne endringar i møtet er godkjent.*

### Sak 22/24 Handlingsprogram 2025– 2028 – Post 30

Dette møtet var avgrensa til å behandle statlege post 30-midlar, noko som hastar for å kunne gi innspel til Statsbudsjett 2025, med frist rett over påske. I neste møte i styringsgruppa, blir det lagt opp til handsaming av resten av budsjettpostane og med det eit ferdig handlingsprogram.

Aina Haugstad, sekretariatet, presenterte forslaget til handlingsprogram 2025 – 2028, når det gjaldt disponering av post 30-midlar og innspel til statsbudsjettet. Prioriteringsrådet har gjort ei samla vurdering av framlegget til post 30 basert på porteføljestyruingskriteria i byvekstavtalen. For Alver, Bjørnafjorden og Askøy ligg innspelte prosjekt innanfor rammene av post-30 midlane, mens det for Bergen og Øygarden sin del er spelt inn fleire prosjekt enn det er midlar. Aina Haugstad understreka at dette ikkje er ein ulempe, men at det har vore eit ønske frå partane at det blir spelt inn fleire prosjekt, for å legge til rette for porteføljestyruing, og med det sikre at gode prosjekt blir iverksett.

Terje Søviknes, Bjørnafjorden kommune, hadde ein kommentar til definisjonen av igangsett: Prosjektet Åsen – Helleskaret står som ikkje igangsett, men er i realiteten under bygging. Tone Oppedal, Statens vegvesen, svara at kriteriet for «igangsett» i denne samanhengen er knytt til om prosjektet tidlegare har fått statlege løyvingar. Det har ikkje Åsen– Helleskaret. Søviknes bad om klårare presiseringar av desse skilnadene frametter.

Tone Oppedal foreslo eit tillegg i vedtak for å kunne spele inn E39 hovedsykkelruter, delstrekning 8a og 8b i Åsane til statsbudsjett 2025, i tilfelle det gjennom Nasjonal Transportplan blir gitt signal om friske midlar over post 30 og ein tilleggsavtale til byvekstavtalen.

*Vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028 over post 30, i tråd med konklusjonane i møtet. År 1 i handlingsprogrammet blir Miljøløftet sitt innspel til Statsbudsjett 2025. Handlingsprogram 2025-2028 som heilskap blir behandla i neste møte, før vedteke handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2024.*

*Dersom det gjennom Nasjonal transportplan blir gitt signal om friske midlar over Post 30 og tilleggsavtale til byvekstavtalen, ber styringsgruppa Statens vegvesen om at også prosjekta «E39 DS8-a Hovedsykkelrute Eidsvåg – Tertneskrysset» og «E39 DS8-b Hovedsykkelrute*

*Tertneskrysset-Rolland», som er knytt til byggetrinn 5 av bybanen, blir spelt inn til Statsbudsjett 2025.*

## **Sak 23/24 Eventuelt**

Nytt dashboard som viser utvikling i byvekstvtalane

Tone Oppedal viste eit nytt dashboard på Statens vegvesen sine nettsider som viser utviklinga i byvekstvtaleområda, mellom anna på byindeks, transportmiddelfordeling og klimagassutslepp.

Lenke til dashboardet: <https://www.vegvesen.no/fag/fokusomrader/nasjonal-transportplan/byvekstvtaler/byvekst/>